

Fra: Njell Hoftun[njell.hoftun@sykkylven.kommune.no]
Dato: 22. jun 2016 11.52.59
Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kopi: May-Helen Molvær Grimstad; Odd Jostein Drotninghaug
Tittel: Kommunereforma - vedtak frå Sykkylven kommune



Dykkar dato : 22.06.2016

Vår dato: 22.06.2016

Saksbeh: Njell
Hoftun

Dykkar ref:

Vår ref: 2014/760 - 0

Telefon: 70 24
67 11

Klassering: 026

Kommunereforma - vedtak frå Sykkylven kommune

Sykkylven kommunestyre handsama kommunereforma i møte den 20.juni 2016.

Kommunestyret gjorde, med 17 mot 12 stemmer, følgjande vedtak:

Sykkylven kommune held fram som eigen sjølvstendig kommune.

Kommunestyret valde å ikkje røyste over eit alternativ til dette vedtaket.

Vedlagt er protokoll frå møte og saksutgreiing med vedlegg:

- Kommunefakta, prosess og vurdering av alternativ (etter mal frå fylkesmannen),
- Rapport frå innbyggjarhøyring
- Tenesteproduksjon – Synspunkt frå einingsleiarar

Det vert elles vist til til brev av 04.04.2016 der anna grunnlagsdokumentasjon utarbeide i prosessen vart oversendt fylkesmannen.

Med helsing
May-Helen Molvær Grimstad
rådmann

Njell Hoftun
samfunnsplanleggar

Postadresse:	Kyrkjevegen 62	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse:	Kyrkjevegen 62	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no			Org.nr.:	NO 964980 365 MVA



NOTAT

Kommunereforma og Sykkylven kommune

KOMMUNEFAKTA, PROSESS OG VURDERING AV ALTERNATIV

Vedlegg til politisk sak til kommunestyret 20.06.2016

Utarbeida etter mal frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Innhald

1. Grunnlagsdata	2
2. Prosess.....	5
Prosess - aktivitetar.....	6
3. Resultat av prosess.....	8
Intensjonsavtalar.....	8
Innbyggjarhøyring mai 2016	9
Spørreundersøkingar i 2015.....	12
Næringsinteresser	12
4. Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar	13
5. Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane	15
6. Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar	17
7. Vurdering av kommunen som demokratisk arena.....	18
8. Vurdering av økonomisk status og utvikling	19
9. Lokale rapportar utarbeida i reformprosessen	21

1. Grunnlagsdata

Namn på kommunen: Sykkylven kommune
Kommunenr.: 1528
Lokalisering: Sunnmøre, Møre og Romsdal fylke
Areal: 338 km², av dette er 9 km² sjø
Innbyggartal: 7.675 (1.1.2016)

Busettingsmønster: 23 innbyggjarar pr km².
Om lag 56% av befolkninga er busett i sentrumsområdet Ørsnes-Ullavik-Aurevik. Tettstadane Ikorntnes og Straumgjerde har høvesvis 10 og 6% av befolkninga. Resterande 26% bur spredtbygd i Søvikdal/Ramstaddal, Velledalen og Hundeidvk.

Avstandar – kommunikasjon

Sykkylven kommune er ein relativt kompakt kommune. Køyretid frå sentrum til dei ulike bygdelaga er innanfor 15 minutt.

Gjennomgåande ekstern kommunikasjon i hovudsak knytt til Fv60 til Stranda og til Ålesund med ferjesamband Magerholm-Sykkylven. Også samband til Ørsta via Fv 71 og ferjesamband Hundeidvik-Festøy.




Buss-samband gjennom kommunen aust-vest med tilknytning til Moa trafikkterminal i Ålesund og knutepunkt i Stryn for ekspressruter frå regionen.

Befolkningsutvikling og prognoser

Folketalet har vist ei i hovudsak jamn auke sidan 1970-talet. Alderssamansetting har endra seg i perioden, med auka vekst i dei eldre befolkningsgruppene og svakare vekst i unge grupper.

Prognoser for framtidig vekst syner nedgang i gruppene under 67 år og auke i gruppene over 67.


Folketalsutviklinga vil i aukande grad vere avhengig av innvandring.



Nokre demografiske nøkkeltal:

Demografisk sårbarheit
 Verdi 0: Likt eller betre enn landet
 Verdi 1: Dårelgare enn landet

Indikator	Møre og Romsdal	Sykkylven kommune
Dødelegheitsrate	1	1
Fødselsrate	1	1
Netto tilflytting	0	1
Del befolkning 0-14 år	0	0
Del befolkning 15-24 år	0	1
Del befolkning 25-54 år	1	1
Del befolkning 55-64 år	1	1
Del befolkning 65 år og eldre	1	1
Kvinneoverskot	1	1
Over 95 kvinner per 100 menn, 15-64 år	1	1
Tal sårbarheiter	7	9



Kommunestatistikk 2015 – Sykkylven kommune

2. Prosess

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati.

Mål for den lokale prosessen er å skape eit best mogleg grunnlag for kommunestyret når dei skal gjere endeleg vedtak i saka.

Kommunen valgte å nytte eigne ressursar i arbeidet i staden for å kjøpe tenester frå eksterne konsulentfirma.

Sunnmøre regionråd har vore viktig bidragsytar som prosessleiar for regionkommuneprosjektet og også som medspelar i utgreiinga av Indre Storfjord-alternativet (Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven).

Kommunereforma har vore tema på dei fleste møta i formannskap og kommunestyre i prosessperioden. Kommunevalet hausten 2015 og fokus på arbeidsgrupper i regionprosjektet våren 2015, er årsak til fleire møter der kommunereforma ikkje stod på sakskartet i delar av 2015.

Figuren under syner møtedatoar i formannskap (FSK) og kommunestyre (KST) sidan september 2014. Møter der kommunereforma har stått på saklista er markert med grønt.

	2014		2015		2016	
			FSK	KST	FSK	KST
Januar					18.01	25.01
Februar			02.02	09.02		
Mars			02.03	16.03	01.03	30.03
					16.03	
April			20.04	21.04	11.04	25.04
					25.04	

Mai				04.05	23.05	
Juni			01.06	15.06		
Juli						
August			24.08			
September	01.09	22.09		07.09		
Oktober	13.10	20.10		12.10		
November	03.11	17.11	02.11	09.11		
			25.11			
			30.11			
Desember	01.12	15.12		14.12		

Kommunen oppretta tidleg eiga heimeside der informasjon vart lagt ut fortløpande.

RESSURSGRUPPE

Etter folkemøte i mars 2015 vart innbyggjarar, lag og organisasjonar, tillitsvalde mm. invitert til å delta i ei ressursgruppe.


I gruppa vart det samla 17 personar. Gruppa var samansett av to tillitsvalgte, representantar frå ungdomsråd, elderråd og råd for funksjonshemmede. Sykkylven næringsutvikling, bedriftsrepr., AUF, samt innbyggjarar som meldte si interesse.

Det vart halde tre møter i gruppa i 2015, eitt saman med formannskapet. Drøftingar i gruppa gav viktige innspel til prosessen i tidleg fase mellom anna med konkrete tankar om medverknad, og i diskusjonar rundt resultatane frå innbyggjarundersøkingane i 2015.

Prosess - aktivitetar

Følgjande oversikt viser ulike aktivitetar i prosessen. Oversikten er ikkje fullstendig når det gjeld orienteringar til ulike lag og organisasjonar.

- Mai 2014 Regjeringa presenter kommunereforma 14.mai 2014 i kommuneproposisjonen for 2015.
- August 2014 Statsråd Sanner inviterer alle landets kommunar til å delta i kommunereformprosessen.
- Aug 2014 Strategikonferanse. Kommunereform er tema på årets samling 27.august for politikarar og leiarar i Sykkylven kommune.
- Sept 2014 Kommunestyret får reforma til drøfting i september 2014 (KST-sak 22.09.14).



Okt 2014	Ordføreren inviterer nabokommunane Stranda, Stordal og Norddal til naboprat (20.10.14). Ørskog var også inne i desse sonderingane på eit tidspunkt, men takka tidleg for seg.
Nov 2014	Formannskapet drøftar prosess og organisering (03.11.14).
Des 2014	Kommunestyret gjer vedtak om at formannskapet vert styringsgruppe den 15.12.14.
Januar 2015	Ordførarane i Haram og Ålesund tar initiativ til fellesmøte for alle kommunane på nordre Sunnmøre.
Februar 2015	Kommunestyret vedtar tre moglege alternativ for Sykkylven: <ul style="list-style-type: none"> - Sykkylven held fram som eigen kommune - Sykkylven går inn i ein mindre landkommune kring indre delar av Storfjorden (Stranda, Stordal, Norddal) - Sykkylven går inn i ein større regionkommune på nordre Sunnmøre.
Mars 2015	Næringslivet i Sykkylven – verkstadmøte. Studietur København, Sunnmøre regionråd. Kommunestyret - verkstadmøte.
April 2015	Arbeidsgrupper i regionprosjektet starta opp. Folkemøte – ca 80 deltakarar. Elevundersøking Sykkylven vidaregåande skule – Oppvekst, tilhøyrrighet og kommunereform. 200 elevar deltok. Verkstadmøte for styringsgruppa (Fsk) og ressursgruppa. Arena Sunnmøre – regionsamling om kommunereform. Sunnmøre regionråd.
Mai 2015	Leiarforum – orientering Sykkylven vidaregåande 3.klasse, dobbeltime samfunnsfag om kommunereforma. Nabomøte – prosjektstart Indre Storfjord Utval for hovudtillitsvalgte - orientering Regionkommune – arbeidsgruppemøter
Juni 2015	Regionsamling med statsråd Sanner. Eldrerådet – orientering
August 2015	Arbeidsmøte Indre Storfjord, 2-dagarssamling for formannskapa i Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Sæbø. Sykkylven vidaregåande 1.klasse, dobbeltime samfunnsfag om kommunereforma. Informasjonsbrosjyre til alle husstandane om reforma.
Sept. 2015	Leiarforum – orientering
Okt. 2015	Politikaropplæring – kommunereform tema. Info om undervisningsopplegg frå FM til skulane. Innbyggjarundersøking – Sunnmøre regionråd/Sentio Research. 200 respondentar Innbyggjarundersøking Sykkylven kommune. 1750 respondentar
Nov. 2015	Utval hovudtillitsvalgte – orientering Indre Storfjord – samrådsmøte. Arena Sunnmøre – Sunnmøre regionråd. Sykkylven industri- og næringslag – orientering

Des 2015	Ressursgruppa – om resultat av undersøkingar Lokalt næringsliv – spørreundersøking i samarbeid med Sykkylven Næringsutvikling. Ca 50 bedrifter og 100 bedriftsleiarar. Leiarforum - om resultat av undersøkingar
Januar 2016	Regionkommune – to sonderingsmøter. Kommunestyre (25.01.16) gjer vedtak om vegvalg.
Februar 2016	Regionkommune – to sonderingsmøter Odd Fellow – orientring Utval hovudtillitsvalgte – innspel til forhandlingar Regionkommune – forhandlingsmøter Stranda og Sykkylven kommune – 1.forhandlingsmøte Felles kommunestyremøte i regionprosjektet, m tillitsvalgte, Giske
Mars 2016	Regionkommune – to forhandlingsmøter Rotary – orientering Stranda og Sykkylven kommune – to forhandlingsmøter Leiarforum – orientering Kommunestyret gjer vedtak om intensjonsavtalar og høyringsform (30.03.16)
April 2016	Ungdomsråd (nyoppretta) – orientering, drøfting innbyggjarhøyring Råd for funksjonshemma – orientering Felles kommunestyremøte Stranda og Sykkylven, m ungdomsråd og tillitsvalgte, Leiarforum Folkemøte Sykkylven kulturhus ca 100 deltakarar. Folkemøte Tandstad skule, Straumgjerde, ca 30 deltakarar. Innbyggjarhøyring – Utsending av personleg adressert brev til alle innbyggjarane over 16 år (6086 stk) med informasjonsbrosjyre og spørreskjema med passord. Høyringsfrist 8.mai.
Juni 2016	Ungdomsråd Råd for funksjonshemma Eldreråd Formannskap og kommunestyre – slutthandsaming.

3. Resultat av prosess

Intensjonsavtalar

Sykkylven kommune har deltatt i forhandling av to intensjonsavtalar:

- Regionkommune Ålesund, inntil 10 kommunar.
- Stranda og Sykkylven kommune

Stranda og Sykkylven var i utgangspunktet eit alternativ som også omfatta Stordal og Nordal. Desse kommunane trekte seg etter kvart ut av samarbeidet. Stranda og Sykkylven forhandla då fram ein eigen intensjonsavtale.

Dersom det vert samanslåing vert det oppretta ei fellsnemnd som skal stå for det vidare arbeidet med samanslåingsprosessen. Intensjonsavtalane legg føringar for dette arbeidet.

Innbyggjarhøyring mai 2016

På grunnlag av framforhandla intensjonsavtalar for Regionkommune Ålesund (inntil 10 kommunar) og for Stranda og Sykkylven kommune, saman med tredje alternativ å halde fram som eigen kommune, vedtok Sykkylven kommunestyre å gjennomføre innbyggjarhøyring.

Til høyringa vart alle innbyggjarane over 16 år brukt som utval. Det vil seie at alle 6086 personane fekk tilsendt spørreskjema og orienteringsbrosjyre om reforma. Det vart oppmoda til å svare på nettbasert løysing, men det vart også plassert ut urner for mottak av papirskjema på alle nærbutikkane i dei ulike grendelaga, på servicetorget i sentrum og på insitiusjonen BUAS.

Svarprosenten var låg, berre 36% svarte.

Hovudresultatet går fram av figurane under. Meir detaljar går fram av eigen rapport.


Kjønn	Svar	Prosent
1. Kvinne	1036	48.6
2. Mann	1095	51.4


Kva framtidig kommuneorganisering ønsker du?	Svar	Prosent
1. Stranda og Sykkylven kommune	474	21.5
2. Regionkommune Ålesund	464	21.1
3. Sykkylven som eiga kommune	1263	57.4

Dersom du meiner Sykkylven kommune skal halde fram som eiga kommune, kva alternativ vil du foretrekke dersom kommunen vert tvungen til å slå seg saman med nokon?	Svar	Prosent
1. Stranda og Sykkylven kommune	903	75.6
2. Regionkommune Ålesund	292	24.4

I kva grad er du opptatt av kommunereforma?	Svar	Prosent
1. Særs liten grad	49	2.2
2. Ganske liten grad	102	4.7
3. Litt liten grad	226	10.3
4. Litt stor grad	549	25.1
5. Ganske stor grad	685	31.4
6. Særs stor grad	520	23.8
7. Veit ikkje	53	2.4


Svar fordelt på aldersgrupper går fram av figurane under:






Kva framtidig kommuneorganisering ønsker du?

Prosentfordeling innan kvar aldersgruppe



Tvang - føretrekt løysing dersom tvungen samanslåing.

Prosentfordeling i aldersgruppa



Spørreundersøkingar i 2015


Resultat frå tre lokale innbyggjarundersøkingar i 2015 er samla i ein eigen presentasjon. (Sykkylven vidaregåande skule, regionundersøkinga i regi av Sunnmøre regionråd og Sykkylven kommune si eiga innbyggjarundersøking hausten 2015)

Sykkylven kommune si eiga undersøking gjekk ut til 1750 tilfeldig valgte personar over 18 år. Av desse svarte 521 personar.


Regionundersøkinga var telefonintervju av 200 personar over 18 år.

Undersøkinga ved Sykkylven vidaregåande skule retta seg mot alle elevane ved skulen. Av rundt 200 svar, var 189 busett i Sykkylven.

Figuren under oppsummerer haldninga til kommunesamanslåing i dei ulike undersøkingane.



Undersøkingane i 2015 stilte også spørsmål til dei som ønska samanslåing om kva alternativ dei ville føretrekke. For Sykkylven var alternativa på det tidspunktet Regionkommune på nordre Sunnmøre, Indre Storfjord (Stranda, Storddal, Norddal og Sykkylven) og at Sykkylven held fram som eigen kommune.



Næringsinteresser

I desember 2015 gjennomførte Sykkylven næringsutvikling og Sykkylven kommune i fellesskap ei spørreundersøking retta mot bedrifter og næringslivsleiarar i kommunen. Underøkinga gjekk til ca 100 leiarar i om lag 50 Sykkylvsbedrifter. Svarprosenten var låg. Berre 12 personar svarte. Bedriftene desse representerer svarar likevel for over 50% av dei tilsette i næringslivet i kommunen.

Svært låg svarprosent gjer det vanskeleg å vurdere representativiteten. Det kan vere eit utslag av at kommuneorganisering ikkje er viktig for næringslivet, men det kan også vere knytt til alle usikre sidene som ligg i reforma. Kva skjer med arbeidsgivaravgifta? Andre distriktsretta verkemiddel? Eigedomsskatten? Kommuneøkonomien?

Svara som kom inn er mykje samanfallande med resultatet av eit eige verkstamøte for næringslivet vinteren 2015. Fokusområda for Frå tidlegare verkstadsamling for næringslivet har vi nokre sentrale moment for framtidig vekst og utvikling, slik næringslivet sjølv såg det:

Næringslivet har i tidlegare verkstadmøte (03.03.15) fokusert på ein del sentrale moment i reformsamanheng (sjå figur under). Spørreundersøkinga stadfestar desse resultata, utan at det går klart fram kva effekt ein meiner val av kommuneorganisering vil ha for bedriftene. Noko som igjen er knytt til mange usikre sider ved reforma som endra arbeidsgivaravgift, effekt for kommunikasjon, osb.



(Resultat verkstadmøte for næringslivet, 3.mars 2015)

4. Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar

Fylkesmannen si oppgåve:

- Vurder eigen kommune i lys av framtida sine utfordringar? Gjer det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (jf. intensjonsavtalene)
- Vurder framtidig behov for interkommunalt samarbeid i et demokratisk perspektiv som eigen kommune?

Regjeringa sine kriterier

Samfunnsmessige omsyn	Kriterier
Kvalitet i tenestene	Tilstrekkelig kapasitet
Effektiv bruk av samfunnets ressursar	Relevant kompetanse
Likeverdighet	Effektiv tenesteproduksjon
	Økonomisk soliditet
	Valfridom

Kommunen si vurdering:

Sykkylven kommune	Stranda og Sykkylven kommune	Regionkommune Ålesund
<p>Sykkylven kommune produserer tenester av god kvalitet (jfr. Innbyggjarundersøkinga 2015)</p> <p>Over 60% av brukarane av kommunale tenester er nøgde med tenestene. Andelen misnøgde ligg under 15%.</p> <p>Innbyggjarundersøkinga er gjennomført i 2011 og 2015. Utviklinga viser gjennomgåande færre misnøgde og fleire nøgde frå i perioden.</p> <p>Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr pr innbyggjar ligg litt under snittet for kommunane i Møre og Romsdal.</p> <p>Demografisk utvikling vil vere ei utfordring for tenesteproduksjon. Prognoser for Sykkylven kommune tilseier vekst i aldersgruppene over 67 år og stagnasjon eller nedgang i yngre aldersgrupper.</p>	<p>Alternativet vil bety noko styrking av kompetanse, men vil ikkje gi dei store endringane jfr. behov for større fagmiljø, tilgang til spesialkompetanse osv.</p> <p>Einingsleiarar, som er direkte ansvarleg for tenesteproduksjon, påpeikar at Sykkylven i dag vender seg utover til større kommunar der ein manglar fagkompetanse i egne rekker.</p> <p>Kun Åknes-Tafjord er eit samarbeid med kontorplassering på Stranda.</p> <p>Stranda og Sykkylven kommune vil truleg framleis vere avheng av fagleg samarbeid med større kommunar.</p> <p>Det er påpeika i kommunestyret si swot-analyse at ein mindre landkommune framleis kan bli for liten til å rekruttere spesial-kompetanse og å bygge gode fagmiljø.</p>	<p>Vil gi høve til å bygge opp større fagmiljø, og truleg vere meir attraktiv med tanke på rekruttering.</p> <p>Faglege samarbeid og kjøp av tenester går i dag i stor grad mot Ålesund. Utanom ÅknesTafjord går rettar interkommunale samarbeid seg mot større einingar for betre tilgang på spesialkompetanse Sykkylven ikkje kan tilby på eiga hand.</p> <p>Ein storkommune vil i større grad kunne tilby spesialiserte tenester.</p> <p>Ein større kommune vil truleg kunne tilby større valfridom innanfor ulike tenester.</p> <p>Demografisk utvikling for bykommunen skil seg markert frå Sykkylven og Stranda. Prognosene tilseier vekst i alle aldersgrupper.</p>
	<p>Kan også verte ei utfordring i forhold til habilitet og tillit på grunn av små tilhøve.</p> <p>Demografisk utvikling vil vere ei utfordring for tenesteproduksjon. Prognoser for Stranda kommune tilseier til liks med Sykkylven kommune, vekst i aldersgruppene over 67 år og stagnasjon eller nedgang i yngre aldersgrupper.</p>	

Status for Sykkylven kommune

Sykkylven kommune er ein av dei kommunane i fylket som deltek i færrast interkommunale samarbeid. NIVI Analyse utarbeida i 2013 rapporten *Status for interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal*.

I følgje rapporten har deltek Sykkylven i 23 ulike interkommunale samarbeid. Høgast i fylket ligg mellom anna bykommunane med 50 – 60 interkommunale samarbeid.

Dei fleste samarbeida Sykkylven deltek i er på regionalt nivå, det vil seie ordningar der eit fleirtal av kommunane i regionen deltek.

Sykkylven kommune er pr 31.12.2015 deltakar i følgjande IKS-samarbeid:

- Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
- IKA – Interkommunalt arkiv IKS
- Åknes-Tafjord beredskap IKS
- Sunnmøre regionråd IKS
- ÅRIM – Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap IKS.

Sykkylven kommune er pr 31.12.2015 deltakar i vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28a:

- Krisesenter – Ålesund er vertskommune
- Overgrepsmottak – Ålesund er vertskommune

Kommunen deltek i fleire fagsamarbeid i regi av Sunnmøre regionråd innanfor oppvekst, helse, energi, mm. Brann og beredskap har eigne fagsamarbeid.

Dei fleste samarbeid rettar seg utover mot Ålesund, eller ei større kommunegruppe der Ålesund er deltakar. Dette er gjerne samarbeid med krav til spisskompetanse og spesialisering innanfor ulike fagområde der Sykkylven kommune er for liten til å ha denne komeptansen sjølv.

Berre Åknes Tafjord er lokalisert til Stranda.

5. Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane

Fylkesmannen si oppgåve:

- Vurder eigen kommune i lys av framtida sine utfordringar? Gjer det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (jf. intensjonsavtalene) Regjeringa sine kriterier

Samfunnsmessige omsyn	Kriterier
Rettstryggleik	Tilstreккеleg kapasitet Relevant kompetanse Tilstreккеleg distanse

Kommunen si vurdering:

Sykkylven kommune	Stranda og Sykkylven kommune	Regionkommune Ålesund

<p>Kommunen vert vurdert å ha akseptabel kapasitet på dei fleste område sett i lys av kommunen sin økonomiske situasjon. Dette er m.a. underbygt av høg grad av fornøgde innbyggjarar i siste innbyggjarundersøking (2015).</p> <p>Med tanke på ny oppgåver og utfordringar knytt til demografisk utvikling må ein stille spørsmål om kommunen vil klare å ha tilstrekkeleg kapasitet 10-20-30 år fram i tid.</p> <p>Kommunen merkar alt i dag at det kan vere utfordrande å skaffe relevant kompetanse når ein skal rekruttere nye medarbeidarar.</p> <p>Distanse kan vere ei utfordring, både når det gjeld politisk habilitet og til dømes innanfor krevande sektorar som barnevern, rus, psykiatri. Sykkylven kommune handterer i dag desse utfordringane på ein god måte.</p> <p>Innbyggjarundersøkingane (2011 og 2015) viser auka tillit til kommunen, men det er</p>	<p>Det er usikkert om Stranda og Sykkylven vil bety vesentleg større kapasitet. Begge kommunane har liten administrasjon og små fagmiljø i tenestene i dag. Ein større og meir spreidd kommune kan vere utfordrande å drifte.</p> <p>Det er frå einingsleiarar påpeikt at det kan bli Sykkylven som må dele, meir enn å få ta del i ønska kunnskap.</p> <p>Distanse mellom mottakar og tenestetilbydar blir noko større i og med kommunen vert større i innbyggartal.</p> <p>Auke frå 7.700 til vel 12 000 vil likevel truleg ikkje utgjere vesentleg endring i dette tilhøvet.</p>	<p>Vil kunne styrke kapasiteten, særleg på spesialiserte områder.</p> <p>Vil kunne rekruttere fleire med relevant kompetanse.</p> <p>Breiare fagmiljø gir større fleksibilitet. Lettare å handtere ugildskap, sjukdom og liknande.</p>
<p>framleis over 20% som har liten tillit til at kommunen handsamar like saker likt. Kommunal tillit synest å vere eit generelt problem, då Sykkylven ligg om lag likt med andre kommunar som har gjennomført tilsvarande undersøkingar desse to åra. Det er såleis ikkje berre kommunestørrelse som påvirkar dette resultatet.</p>		

Rettstryggleik omfattar mange forhold, slik som

- at det blir gitt relevant og utfyllande informasjon og rettleiing
- at saker blir behandla utan ugrunna opphald
- at det er relevant kompetanse i saksbehandlinga
- at det er likebehandling og ikkje vilkårlegheit

- at vedtak har lovlege innhald og er blitt til på lovleg måte
- at avgjerd blir tatt av den som har mynde
- at klage blir behandla så raskt som råd

Ein større kommune vil ha større føresetnader for å sikre rettstryggleiken enn ein mindre kommune dersom kriteria som er lagt til grunn skal bli oppfylt.

6. Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

Fylkesmannen si oppgåve:

- Vurder eigen kommune i lys av framtida sine utfordringar? Gjer det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (jf. intensjonsavtalene)

Regjeringa sine kriterier

Samfunnsmessige omsyn	Kriterier
Heilskap i ivaretakinga av areal- og transportinteresser tilpassa klima- og miljøomsyn Tilrettelegging for positiv utvikling av lokalsamfunnet og storsamfunnet	Funksjonelle samfunnsutviklingsområder Relevant kompetanse Effektiv tenesteproduksjon

Kommunen si vurdering:

Sykkylven kommune	Stranda og Sykkylven kommune	Regionkommune Ålesund
-------------------	------------------------------	-----------------------

<p>Sykkylven er ein kompakt og oversikteleg kommune. Sysselsettinga er god og kommunen har ein sterk frivillig sektor (Sæbø). Kommunen drar fordelar av nær plassering til Ålesund som kan tilby ein meir variert arbeidsmarknad, breiare kulturtilbod, skular mm.</p> <p>Ulemper er knytt til demografisk utvikling, næringsmessig sårbarhet og små fagmiljø i forvaltninga (Sæbø).</p> <p>Kommune kan styre lokale rammevilkår gjennom aktiv arealplanlegging, næringsutvikling mm.</p> <p>Kommunen får for liten slagkraft jamfør større regionale prosjekt og dei store trendane i samfunnsutviklinga.</p> <p>Kommunen er avhengig av nært samarbeid med andre for å løfte fram sentrale samferdselsprosjekt som Storfjordsambandet.</p>	<p>Kommunen vil få eit breiare samansett næringsliv, med møbel, mat og reiseliv som sentrale berebjelkar (Indre Storfjord).</p> <p>Kommunen vi stå føre ei demografisk utfordring, til liks med Sykkylven åleine, som kan verte svært krevjande.</p> <p>Fjord og fjell gjer infrastrukturen utfordrande. Det er usikkert om økonomien vil verte god nok til gode og desentraliserte tenester og strategisk næringsutvikling. (Sæbø)</p>	<p>Kommune omfattar ein naturleg bu- og arbeidsmarknadsregion.</p> <p>Regionkommunen har ei uttrykt målsetting å bygge eit urbant tyngdepunkt mellom Bergen og Trondheim.</p> <p>Ein stor regionkommune vil kunne bli ein vesentleg regional aktør i samfunnsutviklinga. Om det blir få kommunar som går inn i ny regionkommune, vil ein svekke denne styrken. Etter folkerøystingar i fleire av kommunane, er utsiktene dårlege for at ein klarar å etablere ein stor nok kommune til at det regionale aspektet vert vesentleg styrka, jamfør dagens posisjon Ålesund har.</p>
--	---	---

7. Vurdering av kommunen som demokratisk arena

Fylkesmannen si oppgåve:

Vurder eigen kommune i lys av framtida sine utfordringar? Gjer det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (jf. intensjonsavtalene) Regjeringa sine kriterier

Samfunnsmessige omsyn	Kriterier
Viktige oppgåver og rammestyning Lokal politisk styring Levende lokalt folkestyre Aktiv lokal politisk arena	Høg politisk deltaking Lokal politisk styring Lokal identitet

Kommunen si vurdering:

Sykkylven kommune	Stranda og Sykkylven kommune	Regionkommune Ålesund
-------------------	------------------------------	-----------------------

<p>Styrken ved dagens organisering er knytt til nærheit til innbygarane, kommunen er oversikteleg og det er lett å skape kontakt mellom innbygarar, politikarar og administrasjon (Sæbø)</p> <p>Relativt god valdeltaking (62%).</p> <p>Svakheit er at det kan bli for tette forhold, det kan bli for mykje detaljfokus og at ein blir styrt av aksjonsdemokrati. (Sæbø-rapport)</p> <p>Kommunen vil behalde sin politiske organisering. Kommunestyre har 29 representantar.</p> <p>Kartlegging blant ungdom (Sv) syner sterkare tilhøyrighet til grendelag, Sykkylven og til Sunnmøre enn til Ålesund.</p>	<p>Stranda og Sykkylven vil bli ein geografisk større kommune, med fleire adskildte grendelag. Kommunen vil framleis vere oversikteleg, men geografiske avstandar vil kunne skape større avstand mellom innbygarar, politikarar og administrasjon. Dette kan føre til svekka politisk engasjement.</p> <p>Større avstandar og geografisk skilde bygdelag kan føre til større grendestridd og auka aksjonsdemokrati.</p> <p>Ein svakheit er her også at det kan bli for tette forhold, for mykje detaljfokus og at ein blir styrt av aksjonsdemokrati.</p> <p>Motsett kan ein ny kommune stimulere til større politisk engasjement, gjennom å skape ny giv i utvikling av ein felles region bygd på dagens mange fellestrekk.</p> <p>Politisk organisering blir som i dagens kommunar. Kommunestyret får 33 medlemmar.</p>	<p>Frå Sykkylven si side har ein vurdert demokratiunderskot som største ulempen med ein regionkommune (SWOT – Kst)</p> <p>Ein fryktar mindre politisk engasjement og svekka lokal politisk styring.</p> <p>Intensjonsavtalen legg opp til Kommunedelsutval for å komepensere denne ulempen. Kommunedelutvala skal ha inntil 15 medlemmar. Utvala skal ha delegert mynde og budsjettansvar på avgrensa område som gjeld kommunedelen.</p> <p>Det er usikkert korleis denne ordninga vil bli utforma med ein sterkt redusert regionkommune, slik det ser ut til å bli etter folkerøystingar og høyringar i kommunane i mai.</p> <p>Intensjonsavtalen seier at kommunestyret kan ha inntil 77 medlemmar, tilpassa kor mange kommunar som deltek.</p>
---	---	---

8. Vurdering av økonomisk status og utvikling

Fylkesmannen si oppgåve:

- Vurder eigen kommune si økonomiske status og utvikling i lys av framtida sine utfordringar? Gjer det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (jf. intensjonsavtalene)
- Er kommunen din bærekraftig og økonomisk robust ?
- Vurdere eigen kommune sin handlefridom – framtidig investeringsbehov, ROBEK osv...
- Vurder framtidig behov for interkommunalt samarbeid i et demokratisk perspektiv som eigen kommune?

Kommunen si vurdering:

Sykkylven kommune	Stranda og Sykkylven kommune	Regionkommune Ålesund
-------------------	------------------------------	-----------------------

<p>Sykkylven kommune er i ROBEK. I følge forpliktande plan skal kommunen vere ute i 2017.</p> <p>Rekneskapan for 2014 synte 14 mill i overskot. Kommunen planlegg å kome ut av Robekregisteret i samsvar med forpliktande plan.</p> <p>Med eigedomsskatt, som vart innført i 2015, vurderer Sykkylven kommune eigen økonomi til å vere berekraftig ut frå dagens oppgåver.</p> <p>Framtidige kostnader knytt til demografisk utvikling og investeringsbehov vil vere ei økonomisk utfordring og stille krav om auka inntekter.</p> <p>Framlegg til nytt inntektssystem vil gi kommunen eit årleg tap på litt over 3 millionar.</p> <p>Kommunen er i dag ein av dei kommunane i fylket med færrast interkommunale samarbeid.</p> <p>Auka krav til spesialkompetanse, rekrutteringsutfordringar mm gjer at ein må anta at kommunen i framtida vil ha</p>	<p>Begge kommunane er i ROBEK. Stranda kommune vert etter planen utmeldt i 2021.</p> <p>Den nye kommunen vil få same utfordring knytt til demografiske endringar i befolkninga, som Sykkylven kommune må forvente åleine. Auka tal eldre og nedgang i aldersgruppene under 67 år vil bli ei utfordring for særleg helse- og omsorgstenestene. Det er grunn til å vente same utfordringar knytt til spesialkompetanse og rekruttering.</p> <p>Framlegg til nytt inntektssystem gir negativt utslag for Stranda og Sykkylven kommunar kvar for seg, og også for ein ny felles kommune.</p> <p>Kommunen vil motta 25 mill i reformtilskott og behalde basistilskott som i dag i 15 år.</p> <p>Tilhøva for interkommunale samarbeid vil truleg verte nokså lik situasjonen for Sykkylven åleine. Intensjonsavtalen har i seg eit punkt om gjennomgåing av alle samarbeid, med mål å kunne redusere talet på interkommunale samarbeid.</p>	<p>Ålesund, Hareid og Sykkylven er ROBEK-kommunar.</p> <p>Usikkerhet knytt til kva som kan bli den endelege storleiken på regionkommunen gjer det svært vanskeleg å vurdere økonomi, bærekraft, interkommunale samarbeid mm.</p> <p>Ut frå folkemeininga pr mai 2015, ser det ut til at ein stor regionkommune er urealistisk. Korleis ein eventuell mindre bykommune med ein eller to nye partar, vil påverke desse tilhøva er uråd å seie.</p> <p>Framlegg til nytt inntektssystem gir auka inntekter til bykommunar. Forslaget er ikkje vedtatt.</p> <p>Regionkommunen vil motta reformtilskott på min 60 mill (satsar for to kommune med 50 000 eller fleire innbyggjarar.</p> <p>Ålesund kommune er sentral aktør i fleire interkommunale samarbeid, kommunen kan tilby spisskompetanse og fagmiljø som mindre kommunar ikkje kan på eiga hand. Fleire samarbeid over kommunegrensene dreg godt av dette.</p>
--	---	--

<p>behov for utvida interkommunalt samarbeidet.</p> <p>Framtid for eksisterande interkommunale samarbeid vil vere heilt avhengig av korleis kommunekartet vert sjåande ut i framtida og behov, interesser og moglegheiter i samarbeidande kommunar for vidareføring eller nyetablering av interkommunale samarbeid. Ein ser føre seg at dagen samarbeid kan måtte opphøyre i dagens form og/eller reforhandlast.</p> <p>Sykkylven kommune er pr dato deltakar i følgjande IKsamarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 -Sunnmøre kontrollutvalssekretariat -IKA – Interkomunalt arkiv -Åknes Tafjord beredskap -Sunnmøre regionråd -Årim <p>Ut over dette kjem samarbeid i fagnettverk, vakttenester, beredskap, mm.</p>	<p>Einingsleiarar i Sykkylven kommune innanfor ulike fagområde peikar på at ein i dag vender seg til bykommunen når ein søker tilgang til fagområde og spesialkompetanse ein ikkje har eller klarer å etablere i eigen regi.</p>	<p>Intensjonsavtalen for føreset ein grundig gjennomgang av alle interkommunale samarbeid, med tanke på at flest mogleg oppgåver skal kunne løysast på eiga hand. I og med det er stor usikkerhet kring storleiken på ein eventuell regionkommune, er effekten for interkommunale samarbeid uråd å vurdere.</p>
--	--	---

9. Lokale rapportar utarbeida i reformprosessen

Innbyggjarhøyring om kommunereforma. Sykkylven kommune mai 2016

Intensjonsavtale Stranda og Sykkylven kommune, 2016

Intensjonsavtale Regionkommune Ålesund, 2016

Tenesteproduksjon – Synspunkt frå einingsleiarar, Sykkylven kommune mai 2016

Kommunereforma – Samanstilling av resultat frå tre ulike innbyggjarundersøkingar i Sykkylven 2015

Rapport – Regionkommune Ålesund - Sunnmøre regionråd 2015

Rapport – Alternativ Indre Storfjord, 2015

Notat – Sykkylven som eigen kommune, 2015

Resultat verkstadmøte Sykkylven kommunestyre mars 2015

Oppvekst, tilhøyrighet og kommunereform. Ungdomsundersøking Sykkylven kommune 2015

Næringslivet og kommunereforma. Spørreundersøking i Sykkylven kommune. 2015

Informasjonsbrosjyre om reform og prosess til innbyggerane august 2015

Informasjonsbrosjyre om reform og alternativ for Sykkylven, til innbyggerane april 2016.

Innbyggerundersøking – Betre kommune, Sykkylven kommune 2015

Andre kjelder:

Kommunebilde for Sykkylven, Fylkesmannen 2015